

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **20. september 2022** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ola S. Apeland.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær rådhus, kantina
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 19.30
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Ola S. Apeland (H), Karsten A. Larsen (FrP), Emly Årvik (A), Marit Gjedrem Hølland (Sp) og Svein Terje Brekke (KrF)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Ingen
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:</b>	Oppdragsansv. revisor/rev.dir. Rune Haukaas
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Rådmann Sigurd Eikje Økonomisjef Meike Baumgart
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Møtet den 13.09.22 etter møteplan blei avlyst pga. fleire forfall og inga vara kunne møte
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Sak 16/22 utsett til neste møte. Svein Terje Brekke varsla spørsmål under Ymse.

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 15/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 24.05.22**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 24.05.22 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 20.09.22:**

Utvalet hadde ingen merknader.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.09.22:**

*Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 24.05.22 blir godkjent slik han ligg føre.*

**SAK 16/22 ORIENTERING FRÅ SELSKAP MED KOMMUNAL EIGARSKAP - AKSDAL NÆRINGS-PARK AS**

**Sekretariatet si innstilling:**

*Tysvær kontrollutval tek dagleg leiar/adm.dir Bent Jakobsen si utgreiing om selskapet Aksdal Næringspark AS til orientering.*

**Handsaming i kontrollutvalet 20.09.22:**

Utvalsleiar hadde rett før møtestart hatt kontakt med Bent Jakoksen og fått opplyst at han hadde misoppfatta møtedato etter at møtet var blitt flytta. Det blei gjort avtale om at han møter utvalet neste møte i november.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.09.22:**

*Saka blei utsett.*

**SAK 17/22 OPPFØLGING AV REVISOR SITT BREV NR 1 – PROSJEKT-REKNESKAP**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding til revisor sitt brev nr 1 om prosjektrekneskap i samarbeid med Haugesund Røde Kors til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 20.09.22:**

Rådmannen viste til si tilbakemelding, og gjorde det klart at sånt skulle ikkje skje. Dette var tatt opp med RK, men det hadde også vore svikt i kommunen. Midlar var tilbakebetalt.

Utvalet kom med spørsmål om reaksjonar. Rådmannen meinte det hadde vore god læring. Utvalet slutta seg til innstillinga.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.09.22:**

*Tysvær kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding til revisor sitt brev nr 1 om prosjektrekneskap i samarbeid med Haugesund Røde Kors til orientering.*

**SAK 18/22 TILBAKEMELDING OM FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2021**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding 29.08.22 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga knytte til anskaffingar for 2021 til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 20.09.22:**

Økonomisjefen viste til si tilbakemelding og klargjorde terskelverdi opp mot regelverk. Også her meinte rådmannen at det var viktig å ha fokus og ta regelverk på alvor. Utvalet hadde tillit til rådmannen og at organisasjonen opptredde profesjonelt.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.09.22:**

*Tysvær kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding 29.08.22 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga knytte til anskaffingar for 2021 til orientering.*

**SAK 19/22 REVISOR SITT BREV NR 2 OM VARSEL OG BREV NR 3 OM AVKLARING**

**Sekretariatet si innstilling (endra 06.09.22):**

Tysvær kontrollutval tar vedlagte nummererte brev nr 2, dagsett 02.06.22 og nummerert brev nr 3 frå Rogaland Revisjon og revisor si gjennomgang i møtet til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 20.09.22:**

Utvalsleiar gjorde framlegg om at møtet blei lukka, jf. KOML § 11-5. Utvalet vedtok å lukke møtet i denne saka, då det gjaldt ein tilsett sitt tenestlege forhold.

Revisor orienterte om saka og viste til sitt brev nr 3 om at saka no var lukka. Saka viser at kommunen sine økonomi- og kontrollsystem fungerer. Revisor og rådmann var samd i at forholdet var rydda opp i. Utvalet var nøgd med orienteringa og oppfølging av saka.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.09.22:**

*Tysvær kontrollutval tar vedlagte nummererte brev nr 2, dagsett 02.06.22 og nummerert brev nr 3, dagsett 06.09.22 frå Rogaland Revisjon og revisor si gjennomgang i møtet til orientering.*

**SAK 20/22 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2022**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa, dagsett 26.06.22, frå oppdragsansvarleg revisor Rune Haukaas og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 20.09.22:**

Revisor viste til dei underskrivne erklæringane. Medlemmene hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.09.22:**

*Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa, dagsett 26.06.22 frå oppdragsansvarleg revisor Rune Haukaas og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.*

**SAK 21/22 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2022**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og risiko- og vesentlegheitsvurderingar som grunnlag for den forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2022 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 20.09.22:**

Revisor gjekk gjennom regelverk, om kva som låg innafor planlegging av revisjonsstrategi, om vesentlegheitsgrenser, risikovurderingar og planlagt angrepsvinklar i 2022. Han viste nokre nøkkeltal for Tysvær kommune og kva tema dei ville ha fokus på i rekneskapen.

For etterlevingskontrollen var det aktuelt å sjå nærare på gåver, representasjon, servering og reiserekningar då det er område knytte til tap av omdømme.

Utvalet hadde spørsmål som blei svart på. Utvalsleiar takka for presentasjonen. Denne blei i etterkant av møtet sendt ut til utvalet.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.09.22:**

*Tysvær kontrollutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og risiko- og vesentlegheitsvurderingar som grunnlag for den forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2022 til orientering.*

## **SAK 22/22 KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN - BUDSJETT FOR 2023 -- UTVALET SITT FRAMLEGG**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Tysvær kommune for budsjettåret 2022 men totalramme på **kr 1 387 000,- eks mva** fordelt følgjande:

Kontrollutvalet	kr 103 000
Kjøp av sekretariatsteneste	kr 229 000
Kjøp av revisjonsteneste	kr 1 055 000

### **Handsaming i kontrollutvalet 20.09.22:**

Utvalet opplevde skifte av revisjonsselskap som positivt. Utvalet hadde merka seg at det hadde ført til auka kostnader, men meinte det også hadde ført til meir kvalitet i tenestene. Utvalet slutta seg til budsjettframlegget slik det var lagd fram.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.09.22 og innstilling til kommunestyret:**

*Tysvær kontrollutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Tysvær kommune for budsjettåret 2022 men totalramme på **kr 1 387 000,- eks mva** fordelt følgjande:*

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr 103 000</i>
<i>Kjøp av sekretariatsteneste</i>	<i>kr 229 000</i>
<i>Kjøp av revisjonsteneste</i>	<i>kr 1 055 000</i>

## **SAK 23/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 20.09.22**

34. Statusrapport pr. september 2022
35. Rogaland Revisjon - perioderapportering per 31.07.22
36. FKT- konferansen 08.-09.06.22 på Kløfta v/nestleiar
37. FKT – årsmøte 2022 - protokoll 08.06.22
36. FKT – «Veileder – Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» - juni 2022

38. Kommunaldept. – høringsbrev og -notat– endringar i kommunelova
39. Kommunaldept. – høringsnotat – endringar i IKS-lova
40. NKRF - om kommuneøkonomien 2021
41. KOFA – nemndas gebyrvedtak 19.08.22, sak 2021/2155– innklaga Tysvær kommune

#### **Handsaming i kontrollutvalet 20.09.22:**

Sekretær innleia om status og forbruk.

Utvalsleiar gjorde framlegg om at utvalet får ei sak i neste møte om rutinane for henvendingar, slik at desse kunne drøftast nærmare. Utvalet slutta seg til framlegget.

Nestleiar opplyste at konferansen i juni hadde vore interessant, men han skulle gjerne sett at dei hadde vore to eller fleire frå utvalet som deltok.

Rådmannen orienterte om KOFA-sak og gebyr. Han var nøgd med at innklagar ikkje hadde fått medhald. Kommunen hadde levert inn klage på gebyret. Han meinte dei hadde gode kort på handa, og trudde vedtaket ville bli omgjort, dvs. gebyret ville felle burt.

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.09.22:**

*Referatsakene nr 34 – 41 blir tatt til orientering.*

#### **EVENTUELT**

##### Gravearbeida i Aksdal

Svein Terje Brekke hadde spørsmål om anbod, budsjett og framdrift. Han reagerte spesielt på dårlig skilting og varsel for fotgjengarar/skuleborn ved stenging av undergang.

Rådmannen opplyste at investeringane er på 32 mill. kr til veg og kr 15 mill. innan VA (vatn og avlaup). Kostnadene var under kontroll, med det var noko frustrasjon med framdrifta av prosjekta.

**Neste møte:** tysdag **8. november** 2022, kl. 18.00

**Saker:** Orientering om Tysvær Arena Drift AS, rutinar for henvendingar i ljøs av ny rettleiar, val av nytt prosjekt og møteplan for 2023.

Aksdal, 20. september 2022

Ola S. Apeland (sign.)  
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær